



## STORTINGET

# Innst. 320 S

(2017–2018)

Innstilling til Stortinget  
fra utenriks- og forsvarskomiteen

Meld. St. 11 (2017–2018)

---

### Innstilling fra utenriks- og forsvarskomiteen om Nordisk samarbeid

---

Til Stortinget

#### Sammendrag

Ei undersøking gjennomført på vegner av Nordisk ministerråd og Nordisk råd hausten 2017 viste at det nordiske samarbeidet har brei folkeleg støtte, og at oppslutninga aukar. Over 90 prosent av befolkninga i Norden meiner at samarbeidet er viktig eller svært viktig. To av tre meiner at den internasjonale utviklinga talar for eit tettare nordisk samarbeid. Oppslutninga inspirerer og skjerpar.

Samstundes er den internasjonale interessa for Norden og etterspurnaden etter nordiske løysingar, til dømes innanfor likestilling og klima, større enn nokon gong. Dei nordiske landa skårar høgt på internasjonale rangeringar som måler lykke, velferd, likestilling, demokrati, rettstryggleik og innovasjonsevne. Som region har Norden eit nesten unikt internasjonalt omdøme.

Dei nordiske landa er saman og kvar for seg synlege på viktige arenaer i FN, NATO, OSSE, Europarådet, EU/EØS og i internasjonale klimaforhandlingar. Trass ulik tilknytning til EU og NATO er det internasjonale samarbeidet nært og godt. I 2017–2018 er Sverige medlem av FNs tryggingråd, medan Noreg er kandidat for 2021–2022. Gjennom statsministerinitiativet til Nordisk ministerråd vert det lagt fram nordiske løysingar på globale samfunnsutfordringar innanfor grøn omstilling, likestilling, velferd og ernæring. Når dei nordiske landa nyttar posisjonane til kvarandre og samarbeider godt, vert

landa ofte både meir synlege og får auka tilgang og påverknad.

Samstundes spenner samarbeidet i regionen stadig breiare og går djupare, både i offentleg og privat sektor. Investeringar, bedriftsetableringar og handel aukar, og samarbeidet om utdanning, forskning og innovasjon vert styrkt. Arbeidsmarknaden er integrrert og fungerer godt. Den nordiske el-marknaden vert kopiert av andre regionar. Med raske endringar i den globale utviklinga av teknologi og økonomi vert verdien av samarbeid tydelegare, både for offentlege og private aktørar i Norden. Ved å nytte dei komparative føremonene og posisjonane til kvarandre internasjonalt kan dei nordiske landa oppnå synergieffektar og auke den samla konkurransekrafta.

Regjeringa viser til at hovudmålet for samarbeidet på det økonomiske og finansielle området er ein høg og berekraftig vekst i produksjon og sysselsetting, låg arbeidsløyse og dessutan låg og stabil prisstiging. Ein solid bank- og finansmarknad er svært viktig for å sikre ein omstillingsdyktig region som toler ulike former for økonomiske omveltingar.

Økonomisk vekst og innovasjonsevne er avgjerande for nordisk velferd. Regjeringa vil satse vidare på å utvikle nordisk konkurransekraft og omstillingsevne, jamfør «Norden i omstilling», som var eit hovudsatsingsområde under den norske 2017-formannskapet i Nordisk ministerråd. Samarbeidet vil støtte opp under det grøne skiftet og medverke til å oppfylle klimaforpliktingane til Noreg og berekraftsmåla til FN. Digitalisering og inkludering vil vere viktige element, saman med mellom anna helse, forskning, utdanning, kultur og integrering.

Satsing på eit strategisk nordisk partnerskap i europa- og utanrikspolitikken er vorte viktigare som fylgje av ei meir uføreseieleg internasjonal utvikling, der til

dømes menneskerettane og det internasjonale regelverket for handel og klima vert utfordra. For dei nordiske landa er folkeretten og den internasjonale rettsordningen avgjerande for tryggleik, økonomi og velferd. Den målretta satsinga på eit sterkare nordisk samarbeid om europapolitikk («Norden i Europa») og utanriks- og tryggingsspolitikk («Norden i verda») som Noreg fremja under 2017-formannskapet, vil difor bli vidareført. Regjeringa vil samstundes vidareføre den målretta satsinga på internasjonal profilering og merkevarebygging av Norden. Det nordiske forsvarssamarbeidet vil verte vidareutvikla i tråd med ambisjonane til Noreg for NORDEFKO-formannskapet i 2018.

Regjeringa er oppteken av at det nordiske regjeringssamarbeidet skal vere praktisk, nyttig og utgjere ein skilnad for folk. Eit viktig føremål for regjeringa vil vere å bruke samarbeidet målretta i gjennomføringa av den politiske plattformen si (Jeløy-erklæringa). Løysing av grensehinder og styrking av mobilitet vil framleis vere ein viktig og praktisk del av samarbeidet. Arbeidet med å styrkje og fremje den nordiske språkforståinga må halde fram. Felles språk, kultur og verdier har alltid stått sentralt i Norden og representerer eit viktig lim i samarbeidet.

Dette illustrerer òg verdien av det nordiske samarbeidet som politisk idéverkstad. Gjennom deling av kunnskap og aktive diskusjonar kan landa utnytte røynsleane til kvarandre og «spele» kvarandre betre, både på nordisk heimebane og i møte med ein stadig sterkare internasjonal konkurranse. Nyttå på rett måte kan den nordiske arenaen ha stor verdi for både politikarar, embetsverk, akademia og næringsliv.

I kapittel 2 i meldinga kan ein lese vidare om Norden i omstilling, i kapittel 3 om Norden i Europa og i kapittel 4 om Norden i verda.

## Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Zaineb Al-Samarai, Jette F. Christensen, lederen Anniken Huitfeldt, Martin Kolberg og Jonas Gahr Støre, fra Høyre, Hårek Elvenes, Trond Helleland, Ingjerd Schou og Michael Tetzschner, fra Fremskrittspartiet, Per-Willy Amundsen, Hans Andreas Limi og Christian Tybring-Gjedde, fra Senterpartiet, Liv Signe Navarsete, fra Sosialistisk Venstreparti, Audun Lysbakken, fra Venstre, Solveig Schytz, og fra Kristelig Folkeparti, Knut Arild Hareide, merker seg at det nordiske samarbeidet har bred folkelig støtte og at oppslutningen øker.

Komiteen understreker at den internasjonale situasjonen tilsier et behov for tettere nordisk samarbeid.

Det er spesielt viktig at Norden tydelig støtter opp om overnasjonalt samhold og samarbeid når Europa står i en krevende brytningstid. Komiteen merker seg at etterspørselen etter nordiske løsninger, for eksempel innen likestilling og klima, er større enn noen gang.

Komiteen er godt kjent med at Norden har et unikt internasjonalt omdømme og er synlig på viktige internasjonale arenaer.

Komiteen merker seg at samarbeidet i Norden spenner stadig dypere, både i offentlig og privat sektor. Komiteen ser i den anledning positivt på at arbeidsmarkedet i Norden er integrert og fungerer stadig bedre.

Komiteen merker seg at regjeringen vil satse videre på å utvikle nordisk kjøpekraft og omstillingsevne, jf. «Norden i omstilling», som et hovedsatsingsområde under 2017-formannskapet i Nordisk ministerråd. Satsing på et strategisk nordisk partnerskap i europa- og utenrikspolitikken har blitt viktigere som følge av en mer uforutsigbar internasjonal utvikling.

Komiteen merker seg at regjeringen er opptatt av at det nordiske regjeringssamarbeidet skal være praktisk, nyttig og utgjøre en forskjell for folk.

Komiteen understreker at løsning av grensehindre og styrking av mobilitet fortsatt vil være en viktig og praktisk del av samarbeidet. Komiteen anerkjenner også at felles språk, kultur og verdier har stått sentralt i Norden og slik sett representerer lim i samarbeidet.

Komiteen merker seg at de viktigste resultatene i det norske samarbeidet i 2017 har vært innen de allerede etablerte prosesser innen en rekke samfunnsområder.

Komiteen merker seg en rekke sentrale områder i det norske formannskapet for 2017. Særlig har komiteen merket seg at det i Nordisk ministerråd, etter norsk initiativ, er satt i gang en utredning for å analysere behov og potensial for en norsk finansieringsordning for risikoinvesteringer i bedrifter i en tidlig fase. Videre har komiteen merket seg erfaringer med nordisk samarbeid som ble presentert under det nordiske statsministermøtet i Bergen i 2017. Særlig ser komiteen frem til resultatene av et nordisk program for reduksjon av plastavfall, materialgjenvinning, effektive avfallssystem, reduksjon av marin forurensning og mikroplast, og dessuten økt kunnskap om biobaserte og nedbrytbare alternativ til plast.

Det er, slik komiteen ser det, viktig at Nordisk ministerråd arbeider med samferdsel og kommunikasjon, blant annet ved å utvikle jernbanestruktur på tvers av landegrensene.

Komiteen merker seg at den norske vektleggingen av «Norden i Europa» under formannskapet reflekterer regjeringens prioritering av europapolitikken og følger opp ambisjonen til Finland om å sette «mer nordisk nytte i EU» på dagsordenen.

Komiteen ser at Nordisk ministerråd har fått et nytt arktisk samarbeidsprogram kalt «Nordisk partnerskap for Arktis» for perioden 2018–2021.

Komiteen merker seg også at de nordiske lands ulike tilknytninger til NATO og EU setter visse avgrensinger på hvor langt det nordiske samarbeidet kan gå på enkelte områder. Samtidig bidrar det stadig nærere samarbeidet mellom NATO og EU, Finland og Sveriges nære samarbeid med NATO og Norges nære samarbeid med EU til at mulighetene for nordisk samarbeid er større enn tidligere.

### **Komiteens tilråding**

Komiteens tilråding fremmes av en samlet komité.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til meldingen og råår Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

Meld. St. 11 (2017–2018) – Nordisk samarbeid – vedlegges protokollen.

Oslo, i utenriks- og forsvarskomiteen, den 23. mai 2018

**Anniken Huitfeldt**

leder

**Ingjerd Schou**

ordfører

